

KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 5

September 1987

41.årg.




Foto: Per Nordmark

Eg skjønar ikkje dette med synda , pastor

"De prestar talar så mykje om synd. Det skjønar eg meg ikkje særleg på. Eg føler meg rett og slett ikkje særleg syndig."


Kva svarar presten når nokon seier slike ting? Kan hende seier han som så:

"Eg føler meg heller ikkje alltid så syndig eg heller. Når kvelden kjem, og eg ser tilbake på dagen, er det ikkje alltid så lett å sjå gale ting som eg her gjort. Men så tenkjer eg med meg sjølv: Kva om no Jesus skulle ha levd denne dagen i min stad! Tenk om han hadde gått inn i dei same situasjonane og møtt dei same menneska som eg gjorde i dag. Vile han då ha levd denne dagen på same viset som eg?"

Eg veit syrgjeleg vel at svaret er nei. Dersom eg hadde hatt Jesu kjærleik, ville dagen min ha sett annleis ut. Samanlikna med Jesus strekk eg ikkje til på noko vis. Og det kan berre skyldast ein ting: At eg er ein syndar."

Her let eg tankane gå eit steg vidare: Vågar eg å møta Gud på oppgjerdsdagen og seia: " Dette er livet mitt - er det ikkje fint, Gud? Har eg ikkje vore god og snill?"

Å, nei, eg har nok ikkje så mykje å skryta av. Konklusjonen på det heile vert at eg treng tilgjeving. Tilgjeving frå Gud.



Kristendomen handlar ikkje om synd. Han handlar om redninga frå synda. Det dreiar seg med andre ord om ei stor glede: Eg får tilgjeving for alle forsømingane og manglane mine rett og slett ved å tru på Jesus og halda meg til han.

Bibelen seier at det berre er Jesus som kan gje meg tilgjeving frå Gud. Han som sjølv er utan synd, sona mine synder på krossen.

Når eg trur på han, kan eg sjå oppgjerdsdagen trygt i møte, og glæda meg over at ikkje noko står mellom Gud og meg.

Dette er det vi prestar ønsker å dela med andre!

Kjell Arne Norum



- om gudstenesta (9)

Nattverd – liturgien

Denne delen av gudstenesta tek til med den store takkebøna. Ho har fleire delar etter kvarandre:

Vi "lyfter våre hjarto til Herren." Saman syng vi ein lovsong for Guds ansikt: "I sanning verdig og rett er det at vi alltiø og alle vegne takkar deg..."

Vi helsar Jesus velkommen til oss: "Velsigna vere han som kjem i Herrens namn."

Vi gjev Jesus ære, fordi han gav seg sjølv for våre synder: "Deg vare ære for kjærleiken som er sterkare enn døden."


- Etter takkebøna kjem Fader Vår. Det er bøna som Herren sjølv har gitt oss. Bøna som rommar alt!



Så kjem innstiftingsorda. Dei orda som Jesus innstifta nattverden med, vert no leste. Kort etter kjem utdelinga av brød og vin. Jesus er sjølv til stades, konkret og nær, i brødet og vinen: " Dette er Jesu lekam. Dette er Jesu blod."

Kva anna kan vi so gjera enn å takka? "Vi takkar deg, Himmelske Far, for dine sæle gåver. Vi bed deg at du ved desse gåvene vil halda oss fast i trua på deg, sameina oss i din kjærleik og stadfesta i oss vona om det evige liv..."

Kjell Arne Norum



Barnas Kyrkjebok

I omlag 10 år har 4-åringane i Vaksdal kommune fått "Mi kyrkjebok" som ei gåve frå kyrkjelyden dei høyrer til. Kvart år er det ei særskild familiegudsteneste der borna får utdelt boka. Det har vore godt frammøte og stor interesse for tiltaket. Vi vonar at boka har vore til hjelp for heimane når det gjeld den kristne oppsedinga av borna.

No er det kome ei ny bok som heiter "Barnas Kyrkjebok" som er eit alternativ til den gamle. Boka er skriva av Eivind Skeie. Den har ein kvardagsdel og ein bibelforteljingsdel. I kvardagsdelen møter vi Liv og Lars ei veke om hausten. Bibelforteljingane teiknar eit bilete av Jesu liv og gjerning. Dessutan inneheld boka sanger, nokre bøner og ei kort foreldrerettleiing.

Sokneråda i Vaksdal har gått inn for å gje denne boka til 4-åringane. Det er ei vakker bok med gode teikningar i fargar på alle sidene som både born og vaksne kan gle seg over. Dei er laga av Toril Marø Henriksen.

Det er sett opp familiegudstener med utdeling av boka. Vi bed familiar som har born som er 4 år dette året, merka seg denne sundagen. Alle vil få ei særskild innbyding når tida nærmar seg.

RT

Vi noterer oss

Leiarhelg 2.-4.oktober

Eit nytt arbeidsår ligg framfor oss i kyrkjelydane våre. For den som har ei leiaroppgåve, er det ikkje alltid at lysten og kreftene til å ta fatt igjen, er så stor som ein skulle ynskja. Då kan det vera fint å samlast til ein inspirasjonshelg saman med andre som har liknande oppgåver. Vi kan styrkja og oppmuntra kvarandre når vi kjem i lag. 2.-4.oktober vert det ei slik samling på Fjon Fjellkyrkje i Masfjorden, ca. 1 mil frå Romarheim. Dei som er interessert i å vera med, kan ta kontakt med Oddny Kallestad, Reidun Laastad Dyvik, Einar Mjelde eller Prestekontoret på Dale for nærare opplysningar.

Begge prestane våre vert med. Kjem du?
VEL MØTT!

Biskop Per Lønning

vert innsett i si nye teneste i Bjørgvin bispedøme 1. september. Vi ønskjer han og familien hans Guds signing over liv og teneste!



Speidarmøte på Stamnes og Dale

Frå i haust skal vi gå i gang med speidarmøte på Stamnes. I eit par år har jenter herifrå reist til Dale ein gong i veka. No skal vi få nytta "SJØTUN" til speidarmøte.

Difor kan vi no innby jenter frå 1.-3.kl. til å starta i meiseringen, som denne aldersgruppa vert kalla. Det er Reidun Takvam saman med gode hjelparar frå Stamnes som skal vera leiar.

På Dale vert det framleis ein meisepatrulje med Sølvi Alvheim som leiar. Her ynskjer vi vel møtt jenter frå Dale og Stanghelle.

RT



OPEN SAMTALE- GRUPPE

Me samlast att etter ferien 1. mandag i september (7. sept.). Denne gongen er staden "Kvamsnaustet" - 5 min. med rutebåt frå Stamnes.

Avreise frå Stamnes kai kl.19.00

Bill. kr. 16,- tur/retur.

Emne: Skal samtalegruppa halda fram, eller...?

Ta gjerne med noko å bita i. Kaffi, te og brus kan ein kjøpa.

Vi vonar på oppmøte frå heile kommunen. ALLE ER VELKOMNE!

SLEKTERS GANG

Døypte




DALE

21.06 Arild Stanghelle
05.07 Sigrid Rørvik
05.07 Stian Prytz Steinsland
26.07 Anne Synnøve Jacobsen
16.08 Andreas Nysæther Oppedal
STAMNES

08.06 Siri Beate Eikefet
28.06 Renate Simmenes
28.06 Ane Gammersvik
26.07 Malin Hvidsten Straume

VAKSDAL

13.06. Jeanette Nilsen
13.06. Jostein Nilsen
13.06. Morten Andreas Nilsen
15.06. Silje Haugland



26.-27.sept. - NORSK LÆRARAKADEMI - AKSJON

NESHEIM	26.sept.kl.20.00	Nesheim og Rydland
EKSINGEDALEN	27.sept.kl.11.00	-----"
EIDSLAND	" kl.17.00	-----"
STAMNES	" kl.16.30	Lofnes
STANGHELLE	" kl.18.30	-----"
DALE	" kl.11.00	Sjursen
VAKSDAL	" kl.18.00	Sjursen og Meidell

Vigde




DALE

01.08 Tone Vatile og Johnny Uldal

VAKSDAL

13.06. Tormod Amundsen og Nina Bakke
10.07. Trond Olav Steinsbø og Ona Marie Waage



Avlidne



DALE


20.06 Sjur Brattebø f.1901
07.07 John Boge f.1906
13.07 Arvid Kjøndal f.1937
10.08 Borghild Soltvedt f.1925

STAMNES

26.06 Inga Toskheller f.1912
03.08 Jon Straume f.1923

VAKSDAL

16.06. Anton Schanke Eikum f.1911
29.06. Madli Haga f.1898
30.06. Norvald Boge f.1926
12.07. Gudrun Mellesdal f.1908
21.07. Frida Mathilde Ekanger Sæterdal f.1907



ØNSKEDIKTET

Bertina Bindingsbø frå Eksingedalen vil gjerne dela dette diktet med oss.

Ho fortel at då ho var ung, var ho i teneste i byen. Ein dag hørde ho to koner snakka saman om forfattaren av denne salmen. Han levde på 1600-talet i Tyskland. Han var ein kristen, men vart oppsagt i jobben på grunn av trua si, og han måtte flytte. Under flyttinga måtte han pakka borna sine særskild godt inn. Ved dette høvet fann han opp sikkerheitsnåla. Han tok patent på den og vart seinare rik på denne oppfinnelsen.

Etter desse hendingane dikta han denne salmen.

Hvo ene lader Herren råde
og setter all sin lit til ham,
Den vil han fri fra allslags våde
og redde av all nød og skam.
Hvo all sin lit til himlen slår,
hans hus på sandig grunn ei står.

Hvad hjelper oss vår sorg og klage
fordi vår lykke er så krank?
Vi bringer alt kun mer av lage
og vinner intet ved vår ank;
Vi fyller kun vår motgangs skål
med slikt unyttig klagemål.

O kristen sjel, hold du kun stille
og vær fornøiet i din Gud,
Ta av hans nådes rike kilde
og akt hans forsyns vise bud!
Den store Gud, vår skaper, han
best skjønner hvad oss fattes kan.

Han kjenner hvad vårt beste fremmer,
han vet den rette trøstetid;
Når han vår troskap kun fornemmer
og merker ingen hykler-id,
så kommer han før vi det ser,
og meget godt oss nådig ter.

Tenk ei i dine store plager
at Herren har dig rent forlatt
og sig av den alene tager
som er i lys og lykke satt!
Med tiden meget vender sig,
den setter mål for dig og mig.

Det volder Gud slett ingen møie
og koster bare ham et ord
den som er fattig å ophøie,
en rik å støte ned til jord;
Gud er den undergjerningsmann
som reise op og felle kan.

Syng, bed og lyd hvač Herren siger,
vær tro og flittig i ditt káll
og tro ved Gud din velferd stiger,
din tro den ei beskjemmes skal.
Ti hvo sin lit til Gud har satt,
han bliver ei av ham forlatt.

Georg Neumarck,
tysk bibliotekar, d.1681

TIL DEI SYRGJANDE

Ja, så hardt kan livet vere, men så god vår store Far,
at når sorga slår oss hardast, er oss nærast Herrens tankar,
Han veit om oss, og han ser kvart sår, kvar tyngsle som du bar,
og hans medynk er hos alle der eit sorgtungt hjarta bankar.

Og når vegen vert umogeleg, og du står i grenseland,
og det store kalde "kvifor" som eit rop or hjarta blødde,
er ho kringom deg hans sterke og vidunderlege hand,
og han fører deg til kjelder der dei vonde risp vert grødde.

Sjå om stjerna ikkje lyser sjølv om mørkret tykkjett,
ein gong ber han deg på hendene og turkar siste tåra.
Han har aldri lovt sitt barn at denne vegen skla bli lett,
men han lovar å bli med deg gjennom elden, gjennom båra.

Og i lyset i frå vona skal du leggje sorga av.
Han legg aldri på deg meir enn han vil hjelpe deg å bere.
Herrens plan med dei han elsker stoppar aldri ved ei grav,
for ein murstein i hans ævelege byggverk skal du vere.

Du får lov å gråte ut, ja han vil også gråte med,
slik han eingong her på jorda leid med alt som måtte lide.
Og då står han der og helsar deg med sitt velsigna: Fred.
Kvil du trøytt barn i nåden. Han er alltid ved di side.

Marie Lovise Widnes

Dette diktet er sendt oss av Nancy Helle, som vonar at det kan vera til trøyst for dei mange som har mista ein av sine kjære i sommar.

Besøk dei gamle!

Det er mange rundt om i kommunen
vår som vert glade om nokon stikk innom
dei. Når ein vert skrøpeleg til beins
eller sjuk på anna vis, vert ein lett
aleine. Ja, ei tung hørsel kan vera
nok til å gjera einsam. Har du ein
nabo du kan sjå inn til?

På sjuke- og aldersheimane våre
gjev dei godt stell. Og dei som ar-
beider der får mykje ros. Men dei har
mange oppgåver. Og ingenting kan er-
statta besøk frå slekt og vener. Lat
ikkje dei som bur der, verta gløymde!

Det er sagt at kulturen i eit land
syner seg på korleis ein tek seg av sine
gamle.

Når sant skal seiast: Inntrykket
mitt etter snaue to år i Vaksdal er at
folk her ikkje alltid er så flinke til
å hugsa på sine næraste.

Vi har eit godt utbygd sosialvesen
i Noreg. No for tida knakar det i
samanføringane. Og det er ei viktig
oppgåve å styrkja det.

Men samstundes spør eg meg sjølv:
Må det kanhende ei krise til før vi får
auga på vårt personlege ansvar?

Staten kan ikkje taka over alt an-
svar for våre næraste. Det ville då òg
ha vore ein uhyrleg tanke: Eller kan
nokon tenkja seg eit politisk parti med
ein programpost mot einsemd?

Kva har eg skrivi i denne lille
artikkelen? I grunnen ikkje stort anna
enn det fjerde bodordet: "Æra far din
og mor di."

Kjell Arne Norum

ATLE SOMMERFELDT
MELLOMKYRKJELEG RÅD:

KYRKJA SØV ALDRI !

Mange meiner at kyrkja er sovande, i alle fall i overført tyding. Dette er ikkje rett. I Den norske kyrkja er det eit stadig arbeid heile dagen - forkynning, sjelesorg, diakoni, barne- og ungdomsarbeid. Men ingen er usamd i at Den norske kyrkja søv om natta. Eit unnatak er Kyrkja si SOS. Men medan vi alle søv, går det føre seg mangt og mykje rundt i verda: I USA ligg dei 6-10 timar etter oss, i Japan 8 timar føre oss. Medan vi har natt, arbeider fleirtalet av menneska på jorda seg gjennom dagen sin.

I mest alle land i verda er Guds kyrkje til stades. I nokre land høyrer fleirtalet heime i kyrkja, i andre land er dei kristne ein liten minoritet. Men kyrkjene er der, planta midt i folket, der dei lever og arbeider, lid og gler seg.

Vi kallar kyrkja vår for Den norske kyrkja. Det er sjølvstendig rett. Men det kan døyve medvitnet om at vi som kyrkje er ei grein på det verdsvide kyrkjetrete, som har røter i himmelen og greiner i kvart verdshjørne.

Mellomkyrkjeleg Råd er det organ i Den norske kyrkja som har ansvaret for å vere kontaktpunktet mellom oss her i Noreg og kyrkjer i andre land. I møte med kristne frå andre nasjonar og med andre truserfaringar blir vår eiga tru utdjupa og fornya. For å få til eit slikt møte mellom kristne frå ulike konfesjonar blei Kyrkjenes Verdsråd (KV) skipa i åra like etter andre verdskrigen. Visjonen var å få til ein møtestad og byggje ein fellesskap der kristne frå alle verdshjørne og kyrkjefamunn saman kunne vitne for verda i tru og liv. Biskop Berggrav var ein av hovdingane i dei fyrste åra Rådet arbeidde, og Den norske kyrkja var medlem frå starten.


Ikkje alt som går føre seg i KV er vi frå Den norske kyrkja samd i. Og



det seier vi klårt frå om. Men ingen må gløyme at KV er det ypparste synlege uttrykket for at kyrkja ikkje berre er nasjonal, men global. Og i motsetnad til andre internasjonale kristne rørsler er KV eit råd av kyrkjer der vi gjensidig har ansvar både for vår eigen identitet og for arbeidet fram mot ein synleg einskap.

Vi er ikkje så mange her i Noreg. Vi bur i ein utkant av verda. Det gjer oss ekstra medvitne om vår nasjonale og kyrkjelege identitet. Men lat oss ikkje bli oss sjølv nok og gløyme dei som lever under andre vilkår, i liding, i kulturell rikdom, i nasjonsbyggjing, i evangelisering. Enda viktigare er styrken som ligg i at vi er mange, utruleg mange, som vedkjenner oss trua og lever ho ut der kvar av oss høyrer heime.

I Den norske kyrkja søv vi om natta. Men i medlemskyrkjene i KV er det alltid nokon som er vaken, som bed og som arbeider.



FASTE SENDINGER FRA RELIGIØSE PROGRAMMER I P1, NRK

- Søndag** 11.00 - 11.55: Høgmesse
11.55 - 12.30: På kirkebakken - møt mennesker og hør om aktuelle saker i en direktesending umiddelbart etter gudstjenesten.
- Tirsdag** 21.15 - 21.40: Temaprogram - mennesker møtes i studio til debatt eller intervju.
Høsten -87: "Fra teologenes arbeidsrom."
- Torsdag** 20.30 - 21.00: Tre torsdager i måneden sender vi musikkprogrammer. "Nytt og uhørt": aktuelt om kristelig musikk. "Låter om livet": aktuelt om kristelig pop og rock. "Lovsang uten grenser": inneholder noe for enhver smak, kristelig musikk for de fleste.
- Morgenandakter:** Mandag - fredag kl.06.45 på P2
Andakt i farten for deg som skal på jobb eller for deg som liker å stå tidlig opp.
- Andakter:** Mandag - fredag kl.08.15 på P1
Følger kirkeårets tekster. Onsdag erstattes den vanlige andakter av en liturgisk andakt. Den sendes fra en kirke med skriftlesning og musikk.
- Familieandakt:** Lørdag kl.08.15 på P1.
Andakt i en litt lettere form. En bibelfortelling, sang og musikk og ofte med barn i studio.
- Kveldstanker:** Mandag - fredag kl.21.40 på P1
Opplesning av bibeltekster eller andre religiøse tekster m/musikk.

PREIKELISTE FOR VAKSDAL PRESTEGJELD HAUSTEN 1987

MÅNAD	DAG	STANGHELLE	DALE	VAKSDAL	STAMNES	EIDSLAND	EKSINGEDALEN	NESHEIM	BERGSDALEN
SEPTEMBER	6.			Fam.gudst. kl.11.00 N Sønd skule				Fam.gudst. kl.11.00 Søn.sk.M.	
	13.		kl.11.00 Konf.pres M		kl.19.00 Konf.pres N				kl.11.00 N. Fam.gudst. Konf.pres
	20.			kl.19.00 N.		kl.11.00 N n.Soknem.	kl.11.00 M.		
	27.	kl.18.30 NLA	kl.11.00 NLA	kl.18.00 NLA M. n.	kl.16.30 NLA	kl.17.00 NLA	kl.11.00 NLA	Laurd.26. kl.20.00 NLA	
OKTOBER	4.				kl.11.00 M. n.			kl.16.30 N. n.	
	11.			Fam.gudst. kl.11.00 N.					kl.11.00 M. n.
	18.		Fam.gudst. kl.11.00 N.			Fam.gudst. kl.17.00 Kon.pres. N.			
BOTS-OG BEDEDAG	25.			10.30 Skrif- temål. 11.00 M.n.			kl.11.00 N. n.		
NOVEMBER	1.		kl.11.00 M. n.		kl.11.00 N. n.				
HELGEMESSESUNDAG	8.	kl.18.00 N.		kl.11.00 N. n.				kl.11.00 M. n.	
	15.		Fam.gudst. kl.11.00 M.						kl.11.00 N.
	22.				Fam.gudst. kl.11.00 N.	kl.11.00 M. n.			
1.SUNDAG I ADVENT	29.	Lysmesse kl.19.00 M.	Lysmesse kl.19.00 N.				Fam.gudst. kl.11.00 M.		
DESEMBER	6.			kl.11.00 M. n.	kl.11.00 M. n.				Laurd.5. Lysm./konf. kl.16.00 N.
	13.	kl.11.00 M. n.	Julekons. kl.20.00 N.	Julekons. kl.18.00 M.				kl.11.00 Guds/konf. N.	
	20.		kl.11.00 M. n.		Lysm/kons kl.19.00 N.	Gudst/kons kl.11.00 N.			
JULAFATAN	24.		Fam.gudst. kl.15.00/16.00 M.	Fam.gudst. kl.16.00 N.	Fam.gudst. kl.14.00		Fam.gudst. kl.11.00 M.		
1.JULEDAG	25.		kl.11.00 N.	kl.11.00 M.					
2.JULEDAG	26.				kl.11.00 M.		kl.16.00 N.	kl.11.00 N.	
SUNDAG ETTER JUL.	27.					kl.11.00 M. n.			
NYÅRSAFTAN	31.		kl.23.15 M.	kl.23.15 N.					
JANUAR	1.				kl.11.00 N.				kl.11.00 M.

M = spr.Meidell
N = res.kap.Norum
Fam.gudst. = Familiegudsteneste
Konf.pres. = Konfirmantpresentasjon
n = nattverd
NLA = Norsk Lærarakademi

6.sept. - Søndagsskulens dag
20.sept. - Eidsland,soknemøte om ny salmebok.
26.-27.sept.-Norsk Lærarakademi - aksjonshelg.
6.-11.okt. - Aksjonsveke i Bergsdalen
18.-20.sept.- Konfirmanthelg på Fagertun
2.-4.oktober - Leiarhelg på Fjon i Masfjorden

VELKOMEN TIL KYRKJE



6.september - 13.sundag etter pinse.
VAKSDAL kl.11.00 Familiegudsteneste
v/rk.Norum.Søndagsskulens dag.
NESHEIM kl.11.00 Familiegudsteneste
v/sp.Meidell.Søndagsskulens dag.

13.september - 14.sundag etter pinse

DALE kl.11.00 v/sp.Meidell.Konfirmant-
presentasjon,Kyrkjeskys.

BERGSDALEN kl.11.00 Fam.gudst.v/Norum.
Konf.pres.Utdeling av bøker,4 år,7 år.
Offer til IKO.

STAMNES kl.19.00 v/rk.Norum.Konf.pres.
Offer til Norges Kr.Stud.og skoleungd.lag.

20.september - 15.sundag etter pinse

EIDSLAND kl.11.00 v/rk.Norum.Nattverd.
Soknemøte om ny salmebok.

EKSINGEDALEN kl.11.00 v/sp.Meidell.

VAKSDAL kl.19.00 v/Norum.Offer-Santalmisj.

Laurdag 26.september

NESHEIM kl.20.00 v/Nesheim og Rydland,NLA

27.september - 16.sundag etter pinse

DALE kl.11.00 v/Sjursen.Offer til NLA.
Kyrkjeskys.

EKSINGEDALEN kl.11.00 v/Nesheim og Ryd-
land.Offer til NLA.

EIDSLAND kl.17.00 v/Nesheim og Rydland.
Offer til NLA.

STAMNES kl.16.30 v/Lofnes. Offer til NLA.

STANGHELLE kl.18.30 v/Lofnes.Offer til NLA.

VAKSDAL kl.18.00 v/sp.Meidell og Sjursen.
Nattverd. Offer til NLA.

4.oktober - 17.sundag etter pinse

STAMNES kl.11.00 v/sp.Meidell.Nattverd.

NESHEIM kl.16.30 v/rk.Norum.Nattverd.
Offer til Samemisjonen,Fagertun.

11.oktober - 18.sundag etter pinse

VAKSDAL kl.11.00 Fam.gudst. v/rk.Norum.

"Barnas kyrkjebok" til 4 åringane.
Offer til soknerådsarbeidet.

BERGSDALEN kl.11.00 v/sp.Meidell.Nattverd.

Offer til Nordhordland Indremisjon.

18.oktober - 19.sundag etter pinse

DALE kl.11.00 Fam.gudst.v/rk.Norum.

"Barnas kyrkjebok" til 4 åringane.Kyrkjeskys

EIDSLAND kl.17.00 Fam.gudst.v/rk.Norum.

"Barnas kyrkjebok" til 4 åringane.

Offer til Hjemmenes Dåpsring.

25.oktober - Bots-og bededag

VAKSDAL kl.10.30 Skriftemål

kl.11.00 v/sp. Meidell.Nattverd.

Offer til Norges Samemisjon.

EKSINGEDALEN kl.11.00 v/rk.Norum.Nattverd.

Offer til Kirkens SOS.

1.november - Helgemessesundag

DALE kl.11.00 v/sp.Meidell.Nattv.Kyrkjeskys.

STAMNES kl.11.00 v/rk.Norum.Nattverd.

Offer til Nordhordland Indremisjon.

UTDELING AV BØKER: 4ÅRS,7ÅRS og 11ÅRS FASEN

BERGSDALEN 13.sept. Barnas kyrkjebok,4 år

Vi går i kyrkja, 7 år

VAKSDAL 11.okt. Barnas kyrkjebok,4 år

DALE 18.okt. Barnas kyrkjebok,4 år

EIDSLAND 18.okt. Barnas kyrkjebok,4 år

DALE 15.nov. "Godt nytt"(NT), 5.kl.

STAMNES 22.nov. "Godt nytt", 4.-6. kl.

EKSINGEDALEN 29.nov. Barnas kyrkjebok,4 år

KONFIRMANTPRESENTASJONAR

VAKSDAL 30.august kl.11.00

NESHEIM 6.sept. kl.11.00

DALE 13.sept. kl.11.00

STAMNES 13.sept. kl.19.00

BERGSDALEN 13.sept. kl.11.00

EIDSLAND 18.okt. kl.17.00

AAN rådgjeving for gravide

Dei som går med born og er i ein vanskeleg situasjon, kan no få hjelp ved eit nystarta kontor i Bergen. AAN tyder "Alternativ til abort, Norge." Dei gjev rådgjeving og praktisk hjelp. Adressa er Strandgaten 6. Telefon 32 56 77

Vaksdal prestegjeld

Sokneprest:
Inge Christian Meidell
tlf. 59 61 20

Res. kap.:
Kjell Arne Norum
tlf. 59 70 88

Hugs, måndagen er presten sin fridag!
Kontorassistenten kan treffast på kontoret på Dale måndagar kl 10-13, tlf. 59 61 20

KIRKENS SOS



Er du i en vanskelig situasjon og har behov for noen å snakke med?
Ring 23 30 80. Apent hver dag fra kl. 19.00 til 07.00

Har du bil?

Ta andre med deg
når du køyrer til
kyrkje!!!



SLÅ PÅ TRÅDEN
eller send meg nokre ord om du har stoff til neste nummer.
Frist for innlevering av stoff er 16. oktober.

Tove Margrete

Utgjevar: Sokneråda. Bladpengar: kr. 50.- (eller meir)

Postgiro 5 72 34 73 Bankgiro 3500.50.13117

Bladstyrar: Tove Margrete Nordmark, Boge, 5270 Vaksdal, tlf. 59 72 01

Kasserar: Asle Georg Karlsen, Boge, 5270 Vaksdal, tlf. 59 72 32

Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese, tlf. 05 - 55 50 45

Retur til Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese